

Aktiv formidling 2023 Barnebokbad og Booktok

Herøy folkebibliotek

Sande folkebibliotek

Hareid folkebibliotek

Ulstein folkebibliotek

Sluttrapport

Søknadstype: Søknad om midler til aktiv formidling

Prosjekttittel: Barnebokbad og Booktok

Innleiing

Dei fire samarbeidsbiblioteka tildelt stønad til Aktiv formidling i 2023 gjennom prosjektet Barnebokbad og Booktok.

Mål for prosjektet

Folkebiblioteka i Herøy, Sande, Hareid og Ulstein ynskjer med dette prosjektet å forbetra vårt tilbod til skulane. Dei fire kommunane våre er i gong med ei lesesatsing og utarbeidar ein leseplan for skulane der ein skal bruka biblioteket meir. Vårt prosjekt vil inngå i denne satsinga. Prosjektet skal føra til meir formidling utanfor biblioteket og digitalt. Biblioteka ynskjer å nå grupper som ikkje brukar bibliotekar jamleg. På sikt er målet at dette er byrjinga på eit kontinuerleg samarbeid med skulane som kan utvidast til fleire klassetrinn og fleire arrangement, spesielt for grendeskulane som har lang veg til folkebiblioteket og som har det vanskeleg med å koma til biblioteket i kvardagen.

Målgruppa

For 4. trinn vil vi arrangere barnebokbad på 1-2 skular i kvar kommune. Til kvart bokbad blir ei klasse velt ut til å arbeide med ei bok etter metoden i barnebokbad for å førebu eit bokbad med ein forfattar på skulen. Til bokbadet vil forfattaren av boka bli invitert og alle elevar på 4. trinn blir invitert til å sjå bokbadet. Biblioteka vil jobbe med klassane for høgtlesing av boka og dei tre samtalane i førebuing av bokbadet.

For ungdom ønsker vi å lage ein BookTok i lag med elevar på 9. trinn. Elevane kan sjølv velje kva bøker dei vil lese og lage ein video til TikTok om boka. Målgruppa for bokmeldingane er 7.-10. trinn.

Tidsplan/oppstart

Våren 2023: Førebuing av prosjekt. Planleggingsmøte i samarbeidsgruppa. Opprette kontakt med skulane og lærarar. Velje klassene som skal bokbada forfattaren. Finne elevar som vil lage videoar til TikTok. Booke forfattar til bokbad.

Skulestart 2023: Lansering av TikTok. Videoar leggst ut fortløpande utover hausten, ein video i veka.

September-oktober 2023: Høgtlesing av boka i klassene som skal bokbada forfattar.

November 2023: Dei tre samtalane i barnebokbadmetoden gjennomførast med klassene. Barnebokbad blir halde i alle kommunane.

Dette er to formidlingsprosjekt vi meiner vil gi elevane positive opplevingar med litteratur, auke leseglede og gjere dei meir positivt innstilte til å lese bøker og oppsøke biblioteket på eiga hand.

Dersom skulane og elevane tek godt i mot tiltaka håper vi dette vil vere godt forankra i kommunanes lesesatsing som vil gi lokale midlar til å vidareføre prosjekta fast i åra framover.

Effektmål: Fleire barn og unge oppdagar folkebiblioteka og tek i bruk tenestene våre. Tettare samarbeid med skulane.

Prosjektstyring/samarbeid i plangruppa:

Det var fem deltakarar i prosjektgruppa frå dei fire samarbeidsbiblioteka. Vi hadde i forkant fire prosjektmøter og kommunikasjon via e-post og telefon.

Vi brukte hausten til å planlegge og utarbeide ein manual for bokbad metoden. Vi oppretta ei mappe på Teams der vi la dokumenta som omfattar mellom anna e-post til skulane, invitasjon til lokalavisa og forenkla oppskrifter til bruk i klasserommet. Viser til vedlegg: Samtaleark etc.

Desse dokumenta gjer det enkelt for oss å sette oss inn i metoden igjen og bruke ved neste bokbad.

Vi delte oss inn i arbeidsgrupper som skulle gjennomføre bokbada på dei ulike skulane. I starten var vi to eller tre ved klassebesøka for å verte trygge i rolla og i bruk av metoden. Etterkvart vart vi så trygge at vi organiserte bokbada åleine.

Vi hadde nokså jamlege møter langs med bokbada, der vi korrigerde og retta på dokumenta våre etterkvart som vi erfarte kva som fungerte og ikkje.

Prosjektet har vore meir tidkrevjande enn vi tenkte, vi fekk ikkje tid til meir enn eit bokbad i halvåret grunna få ressursar/personalet ved biblioteka.

Gjennomføring av Barnebokprosjektet

BookTok :

Det vart tidleg i prosjektet klart at vi ikkje kunne nytte BookTok i våre kommunar. Medieansvarleg i kommunane råda oss til å ikkje opprette BookTok grunna personvernet. Dermed vart vårt fokus på barnebokbad.

Barnebokbad:

Først måtte vi bli einige om kva bok vi ville ta og bruke. Innhaldet i boka var viktig, det måtte vere noko som var relevant for målgruppa. Vi la også vekt på at boka var på nynorsk.

Vi valde boka «Kampen» av Geir Egil Eiksund, lokal forfattar med kort reiseveg.

Det neste då var å spørje om forfattar ville vere med og bli bokbada av elevar. Det ville han, men det måtte passe inn i kalenderen.

Vi sendte ut ein invitasjon til skulane med fokus på mellomtrinnet, 5 – 7 klasse. Var heldige og fekk positiv respons. Dette ville dei vere med på.

I alt 9 klasser frå dei fire kommunane har i løpet av prosjektperioden gjennomført eit bokbad.

To av desse har vore med andre forfattarar, Åshild Moldskred med boka: "Berre hopp" og Maria Parr med boka: "Keeperen og havet."

Ei av utfordringane i starten er å finne tidspunkt som høver alle i ei elles so travel arbeidsveke.

Vi blei saman med lærar einige om ein dag der vi tok med boka og las fyrste kapittel til elevane. Deretter gav vi boka til lærar som las den vidare høgt for/saman med klassa. Alle elevane skal få bli kjent med innhaldet, derfor er det viktig at boka blir lest høgt. Finst den som lydbok er det sjølvstøtt også mogleg. Det kan vere vanskeleg å vite kor lang tid det vil ta for klassa å lese ferdig boka, men det er viktig at dei tar seg tid til dette og prioriterer det dersom dei skal delta i prosjektet.

Når boka er lest so er vi klare for sjølvstøtt samtalar, og blir einige om tidspunkt for samtale 1.

Vi må få understreke kor greie samtaleark 1, 2 og 3 vi har laga var. Då kan ein konsentrere seg om ein samtale om gongen og ved hjelp av ark, jobbe seg gjennom samtalar.

Vi har i alle bokbada vi har gjennomført, konsekvent jobba slik at det er vi frå biblioteka som har leia samtalar i klassa. Vi har som Vilde Kamfjord anbefalte, sett elevane i ring med god avstand mellom stolane. Det vi har erfart er at det å ha ein engasjert lærar er særst viktig for å få ro i klassa, då spesielt i samtale 1, der vi ikkje er så godt kjente med elevane enda. Sjølv om det er vi frå biblioteka som skal styre samtalen, må lærarane vere observante på uro og ståk blant elevane.

Vi erfarte i ei klasse, der lærarane var totalt fråverande i samtale og heller ikkje roa elevane som var veldig forstyrrande, at det var vanskeleg å få med klassa. Dette gjentok seg i samtale 2, men sidan vi då hadde lært oss elevane å kjenne greidde vi å få fokuset deira på tross av ein kronglete start. Vi erfarte og at eine eleven som virka fråverande, ramla av stolen og styra på, var ein ypperlig ambassadør og dette viste seg å stemme under sjølvstøtt bokbadet. Akkurat som Vilde "spådde" i innføringa av bokbadmetoden.

Viktig å alltid vere oppmerksam på at læraren ikkje deltek for mykje i samtalar og styrer for mykje med val av ambassadørar. Då unngår vi at innkøyrtte sosiale reglar og roller i klassa vidareførast av oss, noko som igjen kan hindre oss i å plukke ut gode ambassadørar.

Vi har og hatt lærarar som har vore heilt på frå start og vi ser at dette får med elevane på ein veldig god måte.

Resultat av prosjektet og måloppnåing - erfaring og vegen vidare:

Vi sendte ut eit kort spørreskjema til lærarane vi hadde hatt kontakt med. Svare i det første spørsmålet var heilt like. Alle meiner at prosjektet med barnebokbad har gjort elevane meir positive til lesing. Når det gjeld det andre spørsmålet om bruk av biblioteket er det vanskeleg å måle. Nokre av lærarane sa at klassen bruker folkebiblioteket meir etter, og den andre svarte nei. Som bibliotekar opplever vi likevel at dei som svarte nei er svært flittige til å bruka oss som bibliotek, men då er det berre lærarane som kjem hit fysisk. Lærarane skriv at dei opplev at det er lett å samarbeida med folkebiblioteket.

Vi fekk også tilbakemelding på at metoden vil verte brukt av lærarane som var med til samtalar i vidare undervisning.

Ei utfordring med spørreskjemaet er at det er små forhold. Som bibliotek er me heilt transparente i sosiale media med kva opplegg me har kor. Spørreskjemaet me valde var ikkje anonymt.

Folkebiblioteka i Sande, Hareid, Ulstein og Herøy arrangerte 9 barnebokbad på 1-2 skular i kvar kommune. I vekene i forkant av kvar bokbad var tre samtalar i barnebokbadmetoden gjennomførte med klassene.

Vi fekk råd om å ikkje sette i gang BookTok prosjektet med tenke på GDPR og personvern ved bruk av TikTok. Fokus blei å gjennomføre fleire barnebokbad.

Undervegs i arbeidet såg me kor viktig det var at me hadde laga vedlegga "Møte 1", "Møte 2" og "Møte 3" i byrjinga av prosessen. Om det går noko lengre tid enn venta mellom møta på skulen er det mykje enklare å førebu seg til eit møte med klassen om ein les gjennom det aktuelle vedlegget.

Vi set att med ein god kjensle av at vi no er trygge på bruk av metoden og at vi vil tilby bokbad til skulane framover.

Eit av biblioteka skal ha eit nytt bokbad no i haust.

Vedlegg

Rekneskap

Prosjektplan med søknad

Invitasjonane til skular og lokalavis

Samtaleark

Omtalar i lokalavisene